

NR. 6

Desember 2004

37.ÅRG.



*God jul*



## GLEDELEG JUL!

No er det ikkje mange dagane igjen før vi seier det til kvarandre enno ein gong. Dette gode juleynskjet spelar ein stor rolle i julefeiringa vår. Både julekorta, julegåvene og julematen står eintydig i dette teiknet: Eg ynskjer deg ei gledeleg (eller god) jul.

Den aller fyrste julehelsinga dreide seg òg om glede. Det var ein engel som kom til nokre gjetarar; dei heldt vakt over sauene sine på markene utanfor Betlehem. Engelen sa: "Ver ikkje redde! Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede som skal timast alt folket. I dag er det født dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren". No skal vi merka oss noko heilt spesielt ved denne julehelsinga. Engelen sa ikkje: "No vonar eg at de vil gleder dykk!" Men han sa: "Det har hendt noko gledeleg. Hør kva det er!". Det er altså sjølve *den kjensgjerninga at Jesus er født* som engelen kallar "ei stor glede". Vi bruker vanlegvis ordet glede på ein annan måte, nemleg om dei lyse og gode kjenslene vi kan føla i vårt indre. Sjølv sagt er det ein nær samanheng det gledelege som har hendt og det gledelege vi føler; det er jo det vi



gleder oss over som gjer oss glade! No kan vi spørja: Gir det i det hele noka meining å seia "Gledeleg jul!" til eit menneske som er fortvila og sit i djup sorg? Svaret må bli "Nei!" dersom vi med "Gledeleg jul!" meiner det same som "hyggeleg jul!". Dersom vi misser sjølve gledesgrunnen av syne, blir den gledelege jul noko vi må skapa oss sjølve. Og det er ikkje alltid så enkelt. "Eg kjem med bod til dykk med ei stor glede", sa engelen. I det ligg det at gleda er like verkeleg for den som opplever tunge dagar, som for den som får leva på "sol-sida av livet". For gleda er noko utanfor oss og uavhengig av oss. Noko som gjeld endåtil om alt anna rasar saman: Jesus er komen! Frelsaren er født! Når no jula står for døra, og vi endå ein gong ynskjer kvarandre "Gledeleg jul!", eller vi skriv det på julekorta, - lat oss då få auga på *det gledelege som har hendt*. Eg ynskjer at dette må få "omfamna" oss på ein slik måte at det kan bli ei kjelde som det strøymar noko godt frå – inn i hjarto våre, og inn i heimane våre.

**Gledeleg jul!**

Jan Kåre Jakobsen

# Midnattsgudsteneste på julaftan

Den merksame lesaren - som alt har studert gudstenestelista for jula - har funne ut at det skal vera midnattsgudsteneste i Arna kyrkje på julaftan kl 23.00. Kanskje han også har spurt seg: **lv: Kvifor det?**

Kiktig nok syng vi "Eg er så glad kvar jolekveld, for då vart Jesus fødd", og det er ikkje tvil om at **julekvelden** har noko "magisk" med seg for mange - ikkje minst for dei minste. Men elles har ein frå gammalt av tenkt seg at Jesus vart fødd om natta. No står det riktig nok heller ikkje noko om det i Bibelen; berre at "det var nokre gjetarar der i grannelaget som låg ute og vakta sauene sine om **natta**". Og så har ein tenkt seg at då engelen kom til gjetarane, då var Jesus nettopp fødd - altså om **natta**. Kvifor ikkje då også feira gudsteneste om natta?

Mange stader er det vanleg å feira gudsteneste julenatt; for katolikkane er det sjølv sagt! Når vi - som ei prøveordning - planlegg noko tilsvarende, er det av 2 grunnar. For det fyrste er det eit poeng i seg sjølv å feira Jesu fødsel med gudsteneste på same på døgnet som det skjedde. Den andre grunnen er vel så viktig: Når vi skal feira 4 gudstenester etter kvarandre i løpet av ein ettermiddag, kjem dei nødvendigvis veldig tett, og det er ofte vanskeleg å "halda ruta". Det heile blir lett uroleg og masete. Det vi altså har gjort: Vi har lagt opp til 3 gudstenester på julaftan ettermiddag, med litt meir tid imellom dei enn tidlegare. Den fjerde gudstenesta vert kl 23.00. Folk set gjerne likevel oppe lenge på julaftan, så kvifor ikkje gå til gudsteneste *då*, i staden for på ettermiddagen?



Illustrasjonsfoto

Vi reknar med at denne siste gudstenesta vert litt "annleis" enn dei andre; vi har rett og slett meir tid. Middagen er eten, gåvene er opna, ein kaffikopp har det også blitt, og "julefreden har senka seg". Vi reknar med at midnattsgudstenesta også vert annleis med tanke på kven som kjem: Vi ventar ikkje innrykk av småbornsfamiliar. Men vi tenkjer oss dette kan vera noko for ein del av dykk som er i ein annan livsfase. Somme av dykk har tidlegare år gått om ettermiddagen; andre har ikkje gått i det heile tatt - det er ikkje uvanleg at mange eldre synest familiegudstenestene om ettermiddagen vert for urolege. I alle fall: Velkomne til gudstenestene på julaftan!

Med helsing Jan Kåre Jakobsen



Bolstadøyri bedehus

## På VOSSEVANGEN der vil eg...

Kyrkjelydsturen gikk i år til Bolstad og Voss, laurdag 4. september. Frå Arna var ikkje flokken så stor, men innover langs Sørfjorden stod mange og venta i regnyret, så talet kom opp i tretti. På Bolstadøyri fekk me drikka til nista i kapell-kjellaren. Etterpå gjekk me opp i kyrkjeromet, der Kjartan Rødland fortalde saga om kapellet – og mykje meir. Det vovne alterbiletet høvde godt til veggen. "Gjennom motgang til stjernene" stod det på mørk botn nedst, og så lysna det oppover. Oppe på galleriet hang den gamle altertavla, med kulehol som

krigsminne, gjennom Jesu høgre hand. Så bar det ut på "Øyravandring". Med elva som bakgrunn fortalde Kjartan både om tømmerflotane som vart rode til Salhus og om den engelske lorden som i eit langt liv halte 528 laksar or elva, men den største mista han. Alle vart bokførde. Kjartan hadde sikkert stoff nok til heile dagen, men me laut no riva oss lause og dra vidare, til Voss. I Vangskyrkja las nokre av deltakarane frå Davids salmar, med salmesong i mellom. Etterpå viste Aslak Helleve rundt i kyrkja og fortalde glytt frå kyr-

kja si lange soge. Svoltten seig på, men det gav seg fort då me hadda benka oss kring langbordet åp Indremisjonskafeen. Den gode betasuppa gav ny kraft, så det var ein vakker lyd som hørde Aslak Helleve fortelja om Vossavangen og byg-  
ne rundt omkring. Det var notid og fortid, alvor og skjemt. Det fall naturleg å dra fram Per Sivle som gav oss så mykje og kravde så lite. Dagen etter var det 100 år siden han døydde.



Altertavla i Vangskyrkja

Sola hadde vunne fram då me fekk "fri" og kunne reika omkring på Vangen på eiga hand. Klokka 17 svinga den kjekke sjåføren bussen heimover. Songheftet hennar Klara vart flittig brukt, så me merka knapt at veret hadde snutt om til "regn på kysten," – det sturt-

regna. Me var takksame for den fine dagen me hadde hatt i lag.

A.Å.

Ytre Arna Barnegospel:

## Nå er vi i gang!!



15 barn fra 1-4 klasse møtes annenhver torsdag i Ytre Arna kirke, for å syngje sammen. Første gang vi skal opptre er 28. desember på jule-trefesten i Ytre Arna bedehus. Kom og hør!

# Hjelp til å leva med sorg

## Sorggruppe i Arna

I januar startar vi med sorggruppe i Arna. Dette er eit tilbod til deg som opplever sorg etter å ha misst eit menneske som stod deg nær, og som ynskjer å møta andre som er i same situasjon. I ei sorggruppe deler ein erfaringar med kvarandre, og lærer av kvarandre korleis ein kan leva med sorga. Sorg som vert teken på alvor, kan verta til ein ressurs for livet vidare. Ei sorggruppe har mellom 5 og 8 deltakarar i tillegg til 2 leiagar. Deltakarane vil fylgja kvarandre over 10 kveldar, med 2-3 veker mellom kvar samling. Ein vil vera inno-

ulike tema: Korleis ein vanlegvis opplever sorg/ krise; Born og ungdom i sorg; Er sorg "godt"?; Korleis vera medmenneske når vi møter menneske i sorg?; Tru og tvil - og endå meir. Vi tilrår vanlegvis at ein let det gå minst 3 månader frå dødsfallet til ein begynner i ei sorggruppe; det kan gjerne gå over eit halvt år.

Er du interessert i å vita meir om dette tilbodet/ melda deg på? Ta kontakt med kyrkjekontoret.

JKJ



## Åleine på julekvelden?

Også i år er det heimar i Arna som er opne for deg som kanskje ikkje har nokon å dele julekvelden med.

Ta kontakt med kyrkjekontoret på telefon 55 36 22 70

Helsing  
Diakoniutvalet i Arna

## LYSPUNKT

Konfirmantar i kyrkja – meir enn ein gong har ein vore mismodig på veg heim etter ei slik gudsteneste, og lova at neste gong sit eg heime. Det er difor kjekt å kunna seia at i år fanst der ikkje grunn til mismot, men til takksemd og glede. Flokken på bortimot hundre ungdommar var delt på to søndagar. Dei fleste sat i fremste benkene i kyrkja så alle kunne sjå dei. Der var ikkje ein som uroa gudstenesta, dei sat stille og rolege og såg ut til å følgja med. Lat det vera sagt: Dette lova godt for konfirmantåret – og for framtida deiral!

A

## BIBELDAGEN 2005

Møte vert 23 januar kl 19:00  
i pinsemenigheten Betania i Ytre Arna.

Tale ved kapellan Arne Mulen.  
Ei sanggruppe frå Betania deltek.  
Orientering om årets prosjekt: "Bibelen til Sentral- Asia".  
Offer til bibelarbeidet.

# Julearrangement

## Julekonsert

I Ytre Arna kyrkje  
søndag 12. desember kl. 17

med Arne sangforening  
Skulemusikken i Ytre Arna  
Arne musikkforening  
Koret på sporet (arr.)

juletankar v/Svein Inge Myhr  
Kollett til Koret på sporet

Fri entré  
Velkomen!

## Vi syng jula inn i Arna kyrkje


Onsdag 15/12 kl 19:00

Arna ten-sing Keryx.  
Arna kyrkjes Manns gruppe.  
Audun Møllerup Boge, klarinett.  
Kantor Christopher Briggs, orgel.  
Sokneprest Jan Kåre Jakobsen, andakt.  
Vær med å syng dei kjære julesongane saman med oss.

## Julefest

Arna Bedehus 27 desember kl 17:00

Andakt ved Bodil Fjellveit  
Song av "Barnerøster."  
Juletregang m.m  
Beverting  
Arr. Søndagsskulen og "Barnerøster"



## Barnas juletreffest

på bedehuset i Ytre Arna  
tysdag 28. desember kl. 18

Ytre Arna Barnegospel syng for oss  
Andakt v/ Arne Mulen  
Små og store hjarteleg velkomne!  
Inngangspengar kr. 20

Arr: Søndagsskulen

## Julefest for eldre i kulturhuset Sentrum

9. januar kl 16.00

Tale v/ kapellan Arne Mulen  
Musikk og korsang  
Matøkt

Arr: Sanitetsforeningen  
og soknerådet i Ytre Arna

## Julefest i Indre Arna Bedehus

Lørdag 8. januar 2005 klokka 18.00

- Tale av kapellan Arne Mulen
- Sang ved Kammerkoret
- Opplesing ved Ingrid Håøy
- Musikk: Aud og Per

God servering og juletregang.  
Velkommen!

Indre Arna Indremisjon.





## Glimt frå konfirmantleiren

33 konfirmantar frå Ytre Arna var samla på Wallemtunet helga 19. til 21. november saman med i alt 9 leiarar. På programmet: Fellesskap og hyttekos, sang og undervisning, film og underhaldning, lek og alvor. Gud velsigna oss også med flott ver og 30 cm nysnø.

Hyttekos på Kvamsskogen

Sjakkspel i peiskroken



...men ved frukostbordet gjekk det betre

Det kunne vere til tungt å våkne...



Øystein spelte...

... og vi sang med så best vi kunne



... og verst gjekk det ut over leiarane.

Vi fekk boltre oss i snøen...

# Julesang-favoritter til staben!

Vi hadde en liten useriøs avstemning på kontoret om hvilken julesang staben likte best. Her er resultatene:

1. Mitt hjerte alltid vanker (med 4 stemmer)
  2. Det hev ei rose sprunge (med 2 stemmer)
  3. Deilig er jorden (med 2 stemmer)
- Dette var tre på topp.

Andre sanger som også ble nevnt var:

- O helga natt
- Mary did you know (Kenny Rogers)
- Barn Jesus i en krybbe lå
- Gud sin egen sønn oss gav
- Fra fjord og fjære
- Det lyser i stille grender
- No koma Guds englar med helsing i sky.
- Å, kom nå med lovsang, jordens kristenskare
- Å Jul med din glede
- I denne glade juletid
- Sæle jolekveld



*Mitt hjerte alltid vanker  
i Jesu føde rom,  
der samles mine tanker  
som i sin hovedsum.  
Der er min lengsel hjemme,  
der har min tro sin skatt.  
Jeg kan deg aldri glemme  
velsignet julenatt.*

## LIKAR DU Å LAGA TING?

Soknerådet i Arna skal ha basar laurdag 12.03.05 i Kyrkjelydshuset, til inntekt for arbeidet i Kyrkjelyden.

Vi blir svært glad for gaver, handarbeid eller anna, som vi kan lodda ut.

Kan leverast på Kyrkjekontoret, evt. ta kontakt på tlf. 55241100

(Astrid Stødle) eller tlf. 55241487 (Torbjørg Mjelde),

dersom det ikkje passar å stikka innom.

## Kirkens SOS trenger flere medarbeidere!

Vi trenger flere frivillige medarbeidere, og starter derfor nytt kurs i samtaleferdigheter og krisehåndtering. **Nytt kurs starter i februar 2005.** Medarbeiderne har vakt ca. hver 12. dag, og får støtte og veiledning så lenge de er med i tjenesten.

For å bli med må du være over 20 år. Oppgaven er å lytte til innringer, og tåle å møte et annet menneskes smerte og sorg. Medarbeidere skal ikke finne løsninger eller "gode råd".



**Kirkens SOS**  
i Bjørgvin

Velkommen til et godt fellesskap og en viktig og meningsfull tjeneste!

Ring oss på tlf. 55 32 58 45 på dagtid eller 480 35 841 kveld og helg.

Du finner mer informasjon på [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

## HER ER DEI HELDIGE SOM VAR UTTREKT PÅ ARNA KYRKJELYDSHUS SITT HOVDLOTTERI 16. OKTOBER 2004

- |                          |                                  |
|--------------------------|----------------------------------|
| 1 Egil Thunes            | Håndmala kaffi-<br>sett m/utstyr |
| 2 Margot Lilletvedt      | Duk, engelsk<br>broderi          |
| 3 Anne Marie Vikingstad  | Akvarell                         |
| 4 Johanna Hærnes         | Pute m/løper<br>(Quilt)          |
| 5 Ingrid Håøy            | Ryggsekk                         |
| 6 Turid Vie              | Dokke<br>m/klær m.m.             |
| 7 Ragnhild Jakobsen      | CD-spiller                       |
| 8 Kim Rømmetveit         | Juleduk                          |
| 9 Solveig Sleire Holmaas | Rosemala fat                     |
| 10 Hallgeir Løklingholm  | Hekla duk                        |
| 11 Karoline Solberg      | Fotball                          |
| 12 Vilde Langeland       | Strikkesett -<br>barn            |
| 13 Berit Veseth          | Sengesett                        |
| 14 Unni Kristin Romslo   | Strikkegenser -<br>barn          |
| 15 Leif Teigland         | Pute                             |
| 16 Anders Lohne          | Barderomsutstyr                  |
| 17 Wenche Solheimslid    | Akvarell                         |
| 18 fam. Breivik          | Ramme                            |
| 19 Per Vie               | Valdres genser                   |
| 20 Ragnhild Jakobsen     | Treskål<br>m/hekla duk           |

Takkar alle som var med og støtta årets basar med å kjøpa lodd og å være med på å løve basaren. Takk også til alle firmaer og privatpersoner som gav oss gevinster, dette er med til å gi oss ny inspirasjon til å gå videre.

Årests basar gav netto kr. 71.000,- til Arna kyrkjelydshus.

For Kyrkjeringane  
Bjørg Hellesøy



## KYRKJESKYSS



### Haukeland

12.12.04	Olaug Lyhammer	55 24 00 21
19.12.04	Magne Mjelde	55 24 18 80
25.12.04	Sverre Myklebust	55 24 29 05
02.01.05	Sverre Myklebust	55 24 29 05
09.01.05	Ingrid Hope	55 95 01 11
16.01.05	Gerd Borge	55 24 17 44
23.01.05	Olaug Lyhammer	55 24 00 21
30.01.05	Sverre Myklebust	55 24 29 05
06.01.05	Ingrid Hope	55 95 01 11
13.02.05	Gerd Borge	55 24 17 44
20.02.05	Olaug Lyhammer	55 24 00 21

### Arnatveit/Indre Arna/Ytre-Arna-vegen

12.12.04	Jostein Monstad	55 24 32 20
19.12.04	Odd Kjos	55 24 17 82
25.12.04	Erling Osland	55 24 09 34
02.01.05	Jostein Monstad	55 24 32 20
09.01.05	Odd Kjos	55 24 17 82
16.01.05	Erling Osland	55 24 09 34
23.01.05	Jostein Monstad	55 24 32 20
30.01.05	Odd Kjos	55 24 17 82
06.01.05	Erling Osland	55 24 09 34
13.02.05	Jostein Monstad	55 24 32 20
20.02.05	Odd Kjos	55 24 17 82

### Tunes/Garnes

12.12.04	Leidulf Almenning	55 24 25 52
19.12.04	Kari Claussen	55 24 12 20
25.12.04	Malvin Klementsens	55 24 29 56
02.01.05	Ragnar Aabrekk	55 24 25 27
09.01.05	Kari Claussen	55 24 12 20
16.01.05	Malvin Klementsens	55 24 29 56
23.01.05	Ragnar Aabrekk	55 24 25 27
30.01.05	Leidulf Almenning	55 24 25 52
06.01.05	Kari Claussen	55 24 12 20
13.02.05	Malvin Klementsens	55 24 29 56
20.02.05	Ragnar Aabrekk	55 24 25 27

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døpte

### Arna sokn

- 17.10. Caroline Tram Nygaard  
24.10. Mina Mæland  
Håvard Breimo  
Markus Bratvold  
Sebastian Ynnesdal  
Nicholas Lygre Eide  
07.11. Espen Andreas Wen Seldal  
14.11. Ole Didrik Garnes  
21.11. Signe-Marie Torvund  
Knut Aadland

### Takvram kapell

- 07.08. Markus André Jenssen  
21.11. Jimmy Morgan Hagen Sellevoll

### Trengereid kapell

- 24.10. Olivia Grace Skulstad Shuler

### Ytre Arna sokn

- 17.10. Eirik Svardal Blidensol  
Emmeli Kristin Kalmer

## † Døde

### Arna sokn

- 08.10. Håkon Eide  
13.10. Magnhild Ingjerd Urdal

- 19.10. Agnes Tøsdal  
20.10. Peder Havre  
05.11. Else Karin Berg  
Haldor Opedal  
09.11. Knut Håkon Larsen

### Ytre Arna sokn

- 14.10. Helga Mikkelsen

## Ofringar

### Arna sokn

- 17.10. Kyrkjelydsarbeid kr 5219,-  
24.10. Menighetsfakultetet kr 4083,50  
31.10. Kyrkjelydsarbeid kr 3477,-  
14.11. Dåpsopplæringsarbeid kr 4624,-  
21.11. N.kr. Stud. Og skulelag kr 2668,-

### Ytre Arna sokn

- 31.10. NLA Kr 1850,-  
07.11. Diakoniutvalget Kr 2220,-



### Stoff til kyrkjelydsbladet

Frist for stoff til neste nummer  
av bladet er 2. februar

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, Postboks 64, Indre Arna, 5888 BERGEN

**Redaktøransvar dette nummer:** Tove Margrete Nordmark.

**Redaksjonsnemnd:** Asbjørn Åsgard, Tor O. Holmefjord og Morten Pedersen.

**Bladpengar:** Kr. 75,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 7877 06 96991.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Kokstadflaten 40, Boks 46 Kokstad, 5863 Bergen

## Vel møtt til førjulstid i kyrkjene våre

### ARNA KYRKJE

- Arna kyrkje 14 des kl 18:00  
"Julespel" Rostadheimen  
Arna kyrkje 15 des kl 19:00  
Kyrkjelyden syng jula inn.  
Mannsgruppa i Arna.  
Arna kyrkje 19 des kl 19:30  
Konsert Haukeland Songlag  
Arna kyrkje 19 des kl 22:00  
Konsert Haukeland Songlag

### YTRE ARNA KYRKJE

- Ytre Arna kyrkje 12 des kl 17:00  
"Julekonsert"  
Koret på Sporet  
Arne Sangforening  
Arne Musikkforening  
Arne Skulemusikk



## Arna eldresenter

Tirsdag 14. desember kl 12.00

Julemiddag: Pinnakjøtt m/meir  
Pris kr 150,-

Torsdag 16. desember

Julegrøt m/mandel

Alle velkomne!

## Dei tilsette i kyrkjelydane

**Sokneprest Jan Kåre Jakobsen**  
Ådnav. 15, 5260 Indre Arna  
Tlf. 55 24 06 86

**Kapellan Arne Mulen**

Gamlevegen 8 - 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 25 73 92

**Organist Arna**

Kantor Christopher David Briggs  
Pb 161 Indre Arna  
5888 Bergen  
Tlf. 55 24 40 55

**Dagleg leiar**

Tove Margrete Nordmark  
Boge, 5725 Vaksdal  
Tlf. 56 59 72 01

**Kateket Erik Rodal**

Stuajordet 31, 5262 Arnatveit  
Tlf. 55 24 00 41

**Kateket Mia Krüger**

Neset 49, 5267 Espeland  
Tlf. 98 81 08 75

**Sekretær Benthe Vevle Birkeland**

Sørfjordveien 11c, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 73 92

**Kyrkjetenar**

Elisabeth Stenersby  
Tlf. 99 73 55 77

**Eittåring Ytre Arna**

Rannveig Aasgard  
Tlf. 998 66 39 68

**VOKT-arbeiar**

Jarle Myksvoll  
97 77 61 10

**Ungdomsarbeidar Arna Margreta Straume**

Tlf. 99 03 66 84

### ARNA PRESTEGJELD

Arna Kyrkjekontor, Postboks 64 Indre Arna, 5888 Bergen. E-mail: [arna.menighet@bkf.no](mailto:arna.menighet@bkf.no)  
Tlf. 55 36 22 70. Fax. 55 36 22 79. Kontoradresse: Lakslia 21, Kyrkjelydshuset, Indre Arna.  
Kontortid: Mandag - fredag kl. 09.00-14.00.

**Soknerådsleiar Ytre Arna:** Jan Skorpen, tlf. 55 24 89 72

**Soknerådsleiar Arna:** Trond Kleiveland, tlf. 55 53 15 93

**Kyrkjegardane i Arna:** Tlf. 55 24 06 57. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-12.00.

# ARNA GRAVFERDSBYRÅ AS

Kåre Bj. Hopes eftf.

Døgnvakt tlf. 55 24 08 08

Står til teneste med alt ved dødsfall  
i Arna, Osterøy og omegn.



**SAMDALS** 55 90 19 80 hele døgnet  
BYRÅ Kommer også hjem for samtale.  
JONSVOLLSGATEN 1 J. Teigland – M. Hamre

**as Sarepta Blomster**

Tlf. 55 24 25 95 ØYRANE TORG 5260 INDRE ARNA

Vi utfører alle oppdrag innen  
blomsterdekoratørfaget

## Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i Arna  
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og  
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT  
55 32 55 50

Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris

## FØREKORT KL. B

– Fornøyde kunder  
– Trygge sjåførere

Tlf. 55 27 15 12/92 26 66 33



## VAKS DAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.  
Kransar, oppsatsar og båretbuketter fritt  
levert til  
Gravferda. Vi leverer og gravmonument.  
Tlf. 56597470- mob.91179766  
Einar Mjelde  
Tlf. privat 56597443

Kranser, buketter,  
opsatsar

TLF. 55 24 08 09

Espeland Gartneri

Arthur Hope  
Unnelandsvegen 540, 5260 Indre Arna

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup,  
konfirmasjon og barnedåp.

**Kleveland A.S**  
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Frøydis  
SALONGEN

Garnesv. 108, 5234 Garnes  
Tlf.: 55 39 01 40  
Stedet for moderne og  
fagmessig hårdesign  
Dame • Herre • Brudepynting



Fagkunnskap gir  
trygghet  
10 % for pensjonister alle dager.



Din lokale  
storbank  
i Arna!

**Nordea**

Filial Arna – tlf. 55 24 92 00

## Solberg Elektro

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Vi utfører elektroinstallasjon i bolig,  
industri og service.  
Gratis befaring, god service

Telefon: 41809620





# Velkommen til kyrkje



**Søndag 12.12.2004**

3. SØNDAG I ADVENT

ARNA KYRKJE. kl. 11:00

ARNE MULEN Dåp Bønevandring

YTRE ARNA KYRKJE. kl. 17:00

Kyrjekonsert

BETANIA kl. 18:00

Lysmesse Jan Kåre Jakobsen

**Søndag 19.12.2004**

4. SØNDAG I ADVENT

ARNA KYRKJE. kl. 11:00

JAN KÅRE JAKOBSEN Nattverd Kyrjekoret

**Fredag 24.12.2004**

JULAFTEN

ARNA KYRKJE. kl. 13:00

ARNE MULEN Takkoffer til Diakoniarbeidet.

Garnes skulekorps + Betania barnekor

ARNA KYRKJE. kl. 14:30

JAN KÅRE JAKOBSEN Takkoffer til Kirkens

Nødhjelp. Barnerøster + Indre Arna skulem.

TAKVAM KAPELL. kl. 14:30

AUDUN MAGNE STØLÅS

YTRE ARNA KYRKJE. kl. 14:30

ARNE MULEN Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

ARNA KYRKJE. kl. 16:00

JAN KÅRE JAKOBSEN Takkoffer til Kirkens

Nødhjelp.

TRENGEREID KAPELL. kl. 16:00

AUDUN MAGNE STØLÅS

YTRE ARNA KYRKJE. kl. 16:00

ARNE MULEN Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

ARNA KYRKJE. kl. 23:00

JAN KÅRE JAKOBSEN Takkoffer til Kirkens

Nødhjelp.

**Lørdag 25.12.2004**

1. JULEDAG

ARNA KYRKJE. kl. 12:00

JAN KÅRE JAKOBSEN Dåp og nattverd

YTRE ARNA KYRKJE. kl. 12:00

ARNE MULEN Nattverd

**Søndag 26.12.2004**

2. JULEDAG

ARNA KYRKJE. kl. 11:00

OLAV VIKSE Ung messe Keryx

TRENGEREID KAPELL. kl. 11:00

ARNE MULEN

**Fredag 31.12.2004**

NYTTÅRSAFTEN

ARNA KYRKJE. kl. 23.15

JAN KÅRE JAKOBSEN

**Søndag 02.01.2005**

KRISTI OPENBERRINGS DAG

ARNA KYRKJE. kl. 11:00

ARNE MULEN Nattverd Misjonssundag

YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00

JAN KÅRE JAKOBSEN

**Søndag 09.01.2005**

1. SUNDAG ETTER KRISTI OPENBERRING

ARNA KYRKJE. kl. 11:00

ARNE MULEN Dåp

**Søndag 16.01.2005**

VINGÅRDSSUNDAGEN

ARNA KYRKJE. kl. 11:00

JAN KÅRE JAKOBSEN Nattverd

YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00

ARNE MULEN

**Søndag 23.01.2005**

SÅMANNSSUNDAGEN

ARNA KYRKJE. kl. 11:00

JAN KÅRE JAKOBSEN Dåp

TRENGEREID KAPELL. kl. 11:00

AUDUN MAGNE STØLÅS

**Søndag 30.01.2005**

KRISTI FORKLÅRINGS DAG

ARNA KYRKJE. kl. 11:00

JAN KÅRE JAKOBSEN Nattverd

YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00

OLAV VIKSE

TAKVAM KAPELL. kl. 16:00

JAN KÅRE JAKOBSEN Årsmøte

**Søndag 06.02.2005**

SUNDAG FØR FASTE

ARNA KYRKJE. kl. 11:00

ARNE MULEN Dåp

**Søndag 13.02.2005**

1. SUNDAG I FASTE

ARNA KYRKJE. kl. 11:00

JAN KÅRE JAKOBSEN Familegudsteneste/

6-årsskulen

YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00

ARNE MULEN Barnas misjonsdag

**Søndag 20.02.2005**

2. SUNDAG I FASTE

ARNA KYRKJE. kl. 11:00

JAN KÅRE JAKOBSEN Nattverd Bønevandring

